

---

**Fra:** Knut Inge  
**Sendt:** 23.05.2017  
**Til:** Roald Aandahl  
**Kopi:**  
**Emne:** Høgeskolten

---

Fra: Knut Inge <kir98040007@gmail.com>  
Sendt: 23. mai 2017 15:07  
Til: Roald Aandahl  
Emne: Høgeskolten

Hei!

Eg viser til telefonsamtala vår i dag.

Når det gjeld eventuell veg på framsida av Høgeskolten og det store, synlege inngrepet det vil medføra, får eg/me vel koma med ein formell reaksjon/protest til den delen av planen seinare. Kort sagt ser eg den løysinga som heilt meningslaus.

Eg vil i denne omgangen oppmoda deg sterkt om at du tek ei ny synfaring og då går opp på BAKSIDA av Høgeskolten. Eg skulle gjerne vore med deg, men eg respekterer at du helst vil ta deg ein tur på eiga hand. Eg er uansett overtydd om at du vil verta OVERRASKA over kor mykje lettare tilgjengeleg Høgeskolt-området er frå baksida! Det er mykje lettare å koma opp i høgda frå den sida - HEILT annleis enn på framsida av Høgeskolten. Anleggstida vert også mindre fårleg og støyande!

Det vert nok naturleg å begynna stigninga på vegen ikkje så langt frå vegen som må gå bort til Alf Storlid sitt område, dermed får ein framleis ein viss kontakt mellom desse to prosjekta. Ein veg opp frå baksida, vil i tillegg gi tilgang til fine område i liene bak høgeskolten (ovanfor Øvre-Lauskard).

Eg må med det same minna om at det må takast omsyn til at området ved Høgeskolten er del av ein turveg som er ein god del brukt av oss som bur i området. Samstundes er det og denne stien at sauene til Øyvind Røen brukar på veg til fjells.

Det må ikkje minst sikrast fri og uhemma tilkomst til det høgaste utsiktspunktet på Høgeskolten. Dette vesle plattået har i lange tider vore viktig både for oss i området og for andre besøkjande - eg/me har til og med fleire gonger hatt utlendingar med opp der.

Privatisering og gjerde må ikkje øydeleggja for den frie ferdselen som hittil har funnest. I vurderinga er vel kanskje dette heilt sjølv sagt, men eg 'måtte' nemna det likevel.

Med venleg helsing  
Knut Inge Røen

Mob.: 980 40 007